

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017

I samband med RS 21/17 «Innspel til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje» stilte **Jon Askeland (Sp)** spørsmål om det var nødvendig å ha med den siste setninga i brevet til departementet. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det er viktig å få ei avklaring på kva følgjer dette får for ferjeavlastingsordninga.

I samband med RS 24/17 «Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar» tok **Per Lerøy (A)** opp problema med toalettforholda for bussjåførane, og oppmoda Skyss om å få fortgang i å sikre gode fasilitetar på pausestasjonane.

I samband med RS 25/17 «Brev om oppstart kommunedelplan Fv7 Tokagjelet» spurde **Svein Halleraker (H)** om den lange tunellen under Kvamskogen framleis er under vurdering. Fylkesdirektør samferdsel svarte på spørsmålet.

I samband med RS 26/17 «Rapportering frå NSC transportgruppe - Møte i Aberdeen 1.-2. mars 2017» påpeikte **Natalie Golis (MDG)** at det er viktig med politisk deltaking på møta i Nordsjøkommissjonen, og bad om å få orientering frå møtet i Aberdeen i neste utvalsmøte. **Nils T. Bjørke (Sp)** supplerte med at det bør oppnemnast varamedlem til NSC.